



Utval:	<b>Planutvalet</b>
Møtestad:	Møterommet, Midsund omsorgssenter
Dato:	07.03.2016
Tid:	09:00

Vi minner om reglane i kommunelova om møteplicht og lovleg forfall, og rett til fri frå arbeid. Forfall med grunngjeving må meldast snarast på telefon 71270500. Varmedlemar skal ikkje møte utan særskilt innkalling. Dersom det er behov for meir informasjon i sakene, ta kontakt med rådmann før møtet. Innsyn i ikkje utsendte saksdokument kan du få ved å henvende deg til servicetorget. Nye forslag/endringsslag bør vere utforma på førehand for å sikre betre møteeffektivitet. Eventuelle habilitetsspørsmål bør avklarast med ordføraren før møtet.

**SAKSLISTE**

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 16/1	Referatsaker	
PS 16/2	Omregulering - hyttefelt i Ræstadhagen	2015/429
PS 16/3	Rullering temaplan Idrett og fysisk aktivitet handlingsdelen 2016	2016/100

Midsund 1. mars 2016

Odd Helge Gangstad  
Ordførar

Astrid Abelseth  
Utvalsekretær

The signature is handwritten in blue ink and appears to read "Astrid Abelseth".

**PS 16/1 Referatsaker**



Utval:	<b>Planutvalet</b>
Møtestad:	Møterom, Midsund omsorgssenter
Dato:	17.12.2015
Tid:	10:30

**Faste medlemmar som møtte:**

Namn	Funksjon	Parti
Odd Helge Gangstad	LEDER	SP
Inger Lise Trønningdal	MEDL	H
Frits Inge Godø	NESTL	
Nora Helen Dyrseth Blø	MEDL	

**Faste medlemmar som ikkje møtte:**

Namn	Funksjon	Parti
Adrian Sørlie	MEDL	

**Varamedlemmar som møtte:**

Namn	Vara for:	Parti

**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Ketil Ugelvik	Rådmann
Inge Rakvåg	Teknisk sjef
Arild Sjøvik	Økonomisjef
Astrid Abelseth	Utvalsekretær

**Underskrift:**

Vi stadfestar med underskriftene våre at møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

  
Odd Helge Gangstad  
Inger Lise Trønningdal  
Frits Inge Godø  
Nora Hele Dyrseth Blø

## SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 15/27	Referatsaker	
PS 15/28	Reguleringsplan Kjerringsundet	2014/533

Den 17. desember 2015 vart det halde møte i Midsund Planutval på Midsund omsorgssenter.

Møtet vart leia av ordførar Odd Helge Gangstad.

Møtet tok til kl. 10.30.

Adrian Sørlie (H) hadde meldt forfall, det var ingen vara som møtte.

4 voterande.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Kl. 10.00 Kort orientering frå hamnesjef Olaf Akselvoll i Molde og Romsdal Havn IKS

### **PS 15/27 Referatsaker**

#### **Samråystes vedtak i Planutvalet - 17.12.2015**

Protokoll frå møte 30.11.2015 vert godkjent.

### **PS 15/28 Reguleringsplan Kjerringsundet**

#### **Forslag til vedtak:**

Planutvalet viser til plan- og bygningslova § 12-10 og legg detaljplan for ny veg mellom Gossen og Otrøya, Kjerringsundsambandet, planid: 2015004, ut til offentleg høyring.  
Vedtaket gjeld den delen av planen som ligg i Midsund kommune.

Høyringsfrist blir sett til 15.02.15.

#### **Behandling i Planutvalet - 17.12.2015**

Brev frå Statens vegvesen av 16.12.15 vart lagt fram på møtet.

Rådmannen la fram nytt forslag til vedtak:

1. *Planutvalet viser til plan- og bygningslova § 12-10 og legg detaljplan for ny veg mellom Gossen og Otrøya, Kjerringsundsambandet, planid: 2015004, ut til offentleg høyring.*
2. *Planutvalet i Midsund utvider planområdet på Sundsbøen i samsvar med brev frå Statens vegvesen E 39 av 16.12.15, området skal brukast til riggområde for E 39 og Kjerringsundet. Teikning C101 og C201.*

3. *Planutvalet i Midsund innsnevrar planområdet i sør i samsvar med brev frå Statens vegvesen E39 av 16.12.15 til punkt vist på teikning C103. Ny avslutning av planområdet sør blir mellom Midtvikneset og Rongkallneset.*

*Vedtaket gjeld den delen av planen som ligg i Midsund kommune.*

*Høyringsfrist blir sett til 15.02.15.*

#### **Samrøystes vedtak i Planutvalet - 17.12.2015**

1. Planutvalet viser til plan- og bygningslova § 12-10 og legg detaljplan for ny veg mellom Gossen og Otrøya, Kjerringsundsambandet, planid: 2015004, ut til offentleg høyring.
2. Planutvalet i Midsund utvidar planområdet på Sundsbøen i samsvar med brev frå Statens vegvesen E 39 av 16.12.15, området skal brukast til riggområde for E 39 og Kjerringsundet. Teikning C101 og C201.
3. Planutvalet i Midsund innsnevrar planområdet i sør i samsvar med brev frå Statens vegvesen E39 av 16.12.15 til punkt vist på teikning C103. Ny avslutning av planområdet sør blir mellom Midtvikneset og Rongkallneset.

*Vedtaket gjeld den delen av planen som ligg i Midsund kommune.*

*Høyringsfrist blir sett til 15.02.15.*

#### **Møtet vart heva kl. 11.30**



**Saksframlegg**

**Omregulering - hyttefelt i Ræstadhagen**

Utvalsak	Utval	Møtedato
16/2	Planutvalet	07.03.2016

**Forslag til vedtak:**

Tilråding om å få starte opp med reguleringsplanarbeid for hyttefelt på Ræstad.

**Saksutgreiing:**

1. Planinisiativ

Per Kåre Ræstad

2. Planstatus

Reguleringsplan for dette område blei vedteke 11.05.99, føremålet var å få sette opp hytter.

Areal i gjeldande reguleringsplan gnr./bnr. 27/4- 406073 m<sup>2</sup>

Areal i gjeldande reguleringsplan gnr./bnr.27/46-1884 m<sup>2</sup> (hyttetomt)

Areal i gjeldande reguleringsplan gnr./bnr. 27/46-1859 m<sup>2</sup> (hyttetomt)

- Område ligg i eit LNF - 1 område pbl. §20-4,1 ledd punkt 2. Bygging, deling og eller anleggstiltak utanom stadbunden næring er difor ikkje ynskjeleg i disse områda (kommuneplanens arealdel)
- Det går høgspentlinje over område
- Område ligg i 100m belte frå kystlinja
- Område med landbruk, natur og friluftsinteresse.
- Gjeldande Fylkes plan og Statlige planretningslinje for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen (2011). Midsund kommune kjem inn under kap.7 Områder med mindre press på arealet

*I 100-metersbeltet langs sjøen skal følgende retningslinjer legges til grunn:*

- Utbygging bør så langt som mulig lokaliseres til områder som er bebygd fra før, slik at utbyggingen skjer mest mulig koncentrert. Utbygging i urørte områder med spesielle friluftsinteresser, natur- og landskapskvaliteter eller kulturminneinteresser skal unngås. Det gjelder for eksempel utbygging i kyst- og fjordlandskaper med spesielle kvaliteter.
- Spørsmålet om bygging skal vurderes i forhold til andre allmenne interesser. Det bør ikke tillates utbygging i områder som har spesiell verdi i forbindelse med friluftsliv og allmenn ferdsel, naturkvaliteter, naturmangfold, kulturminner, kulturmiljøer og landskap. Forholdet til andre interesser, som for eksempel landbruk, fiske, oppdrett og reindrift må også vurderes. Der det tillates bygging, bør hensynet til andre interesser ivaretas best mulig.
- Alternative plasseringer bør vurderes og velges dersom det er mulig. Det bør også vurderes om tiltaket kan trekkes vekk fra sjøen. Tiltak som tillates må tilpasses omgivelsene best mulig.
- I områder hvor alt tilgjengelig utbyggingsareal ligger innenfor 100-metersbeltet, og alternativ plassering av tiltak dermed ikke er mulig, vil kommunen ha videre adgang til å tillate tiltak for å ivareta hensyn til en fornustig samfunnsutvikling. Ved vurdering av om tiltak skal tillates skal det legges vekt på om hensyn til tilgjengelighet for allmennheten kan ivaretas ved at det eksempelvis avsettes areal til kyststi, friluftsområde eller liknende.
- Behovet for næringsutvikling og arbeidsplasser, for eksempel satsing på reiseliv og turisme, skal tillegges vekt i vurderingen av tiltak i 100-metersbeltet. Disse hensynene må veies opp mot hensynet til de allmenne interesser som er angitt foran.
- Vurderingen vil være avhengig av hva slags type tiltak det gjelder. Det kan være grunnlag for å tillate visse tiltak nær sjøen, som for eksempel brygger, naust, næringstiltak og sjørettede reiselivsanlegg.
- Muligheten for fritidsfiske gjennom å tillate oppføring av naust og brygge skal også tillegges vekt i vurderingen av tiltak i 100-metersbeltet. Disse hensynene må veies opp mot hensynet til de allmenne interesser som er angitt foran, og mulighetene for felles brygger og naust bør også vurderes.
- Retningslinjene gjelder også for by- og tettstedsområder. I disse områdene skal behovet for fortetting og byutvikling tillegges vekt. Arealer til bolig-, sentrums- og næringsutvikling bør som et utgangspunkt prioriteres foran arealer til fritidsboliger.

### **3. Namn på foreslått plan**

Namn: Ræstadhagen hyttefelt

### **4. Plantype**

- Etter PBL § 12-3 Detaljregulering

### **5. Formål med planen**

Auke antall hyttetomter slik ein legg til rette for bygging av hytter

### **6. Utredningsbehov**

- Vurdere om plana treng ei konsekvensutredning
- vurderinger av farar som eks .ras, snøskred osv. link til NVE sitt kart over tema innan dette. <http://atlas.nve.no/SilverlightViewer/?Viewer=NVEAtlas>
- Byggegrense mot høgspentlinje

- Byggegrense mot sjø, kystlinje

## **7. Infrastruktur er privat**

- Privat veg
- Opparbeidd vann og kloakk fram til dei to eksisterande hyttetomtene
- Tomta grenser opp mot FV.668
- Vann privat

## **8. Vann og avlaup**

- I reguleringsarbeidet må det føreligge ei grovskisse korleis dette er tenkt

## **9. Medverknad i planprosessen**

§5-1 Einkvar som fremtar planforslag, skal legge til rette for medverking. Bestemmingane om medverknad i planprosessen er forsterka i den nye plan- og bygningslova frå 2008. Planlegging og byggesaksbehandling skal sikre demokrati og medverknad, slik alle som blir berørt, skal kunne delta og få moglegheit til å uttale seg. I Midsund har vi Barnas representant i planutvalet.

## **10. Kontroll av digitalt plankart**

Når arbeidet skal ut på offentleg høyring, skal plankartet vere i sosi fil 4.5 saman med dei andre dokumenta som skal ut på høyring.

## **11. Framdrift**

Midsund kommune praktiserer at Planutvalet behandler oppstarten før arbeidet med reguleringsplana er komme skikkelig i gang. Dette for å sjå om planutvalet kan «godkjenne» oppstart av reguleringsarbeidet og om den er i tråd med kommuneplanen-Arealdelen, samt sette namn på reguleringsplana, for å spare tiltakshavar for evt. Bortkasta kostnader til planlegging.



### Vurdering:

Tysdag 2. februar kom ein søknad om å få starte opp detaljregulering av gbnr.27/4  
Føremålet med reguleringa er å legge til rette for bygging av 8 nye hytter i området.  
(Sjå vedlegg søknad og kartavgrensing)

#### Ved førige planprosess for regulering til hyttetomter på Ræstad

Ved førige planprosess kom det motsegn frå Fylkesmannen. «Planområde låg eit landskap med heil kystlinje og urørt natur, innanfor 100 m belte og ville punktere ei samanhengande kystlinje. Difor blei det motsegn frå Fylkesmannen, det har blitt gjennomført meklingsmøte for å komme fram til endelig godkjenning. Godkjenninga bygg på reguleringsføresegner som seier noko om mønehøgde, angripen i naturen og bruk av veg og resterande område, som blant anna skulle brukast til friluftsområde. «  
(sjå vedlegg retningslinjer for gjeldande reguleringsplan)

Vi veit ikkje hundre prosent korleis denne saka vil bli møtt av fylkesmannen denne gangen. Ein kan heller ikkje vite kva restriksjonar frå den førige plan ein må fylge. Tiltakshavar er orientert om dette.

### Økonomiske / administrative konsekvensar:

Saksbehandling

Ketil Ugelvik  
Rådmann

Elin-Grete Vatnehold  
Samfunnsplanleggjar

### Vedlegg (prenta):

#### Vedlegg (uprenta):

- Søknad frå tiltakshavar  
kartavgrensing

### Særutskrift går til:

Midsund kommune,  
Teknisk,  
6475 Midsund.

Dato: 02.02.2016  
Vår ref.: Hallgeir Wuttudal  
Dykkar ref.:

## RÆSTADHAGEN HYTTEFELT SØKNAD OM LØYVE TIL OPPSTART AV PRIVAT DETALJREGULERING

På vegne av eigaren av gbnr. 27/4, Per Kåre Ræstad, blir det hermed søkt om løyve til oppstart av privat regulering av eit område på ein teig av gbnr. 27/4.

Føremålet med reguleringa er å legge til rette for bygging av ca. 8 nye hytter i området. På området er det i dag 2 ubebygde hyttetomter. Det er nyleg opparbeidd tilkomstveg frå fylkesvegen til desse hyttetomtene, samt opparbeidd tekniske anlegg slik at desse 2 tomtene er byggeklare.

### Tiltakshavar:

Tiltakshavar for reguleringa er grunneigar Per Kåre Ræstad.

### Vegtilkomst:

Det er planlagt å nytte eksisterande vegtilkomst som nyleg er opparbeidd til dei 2 eksisterande hyttetomtene i området.

### Grunnlag for reguleringa:

Grunneigaren trur at det er etterspørsel etter hyttetomter i dette området som har fin utsikt utover fjorden. Når Møreaksen er etablert vil det truleg bli enda større etterspørsel etter hyttetomter i området.

Per Kåre Ræstad og kona Ingrid driv firmaet Villsaukongen som har ca. 250 vinterforsauer som beiter i området og såleis pleier landskapet. Firmaet driv også med foredling av økologisk villsaukjøt til spekemat m.m.

Dette området har liten verdi som beitemark ettersom her stort sett berre er eit tynt lag med jordmasser over fjell eller bart fjell. Vegetasjonen er for det meste lyng og nokre busker.

Tanken med hyttefeltet er å bruke ressursar som er i garden til å investere i firmaet Villsaukongen. Villsaukongen er ei stadbunden næring på garden, men har behov for kapital. Dei ynskjer å utvide drifta med å lage eige øl og auke volumet av spekemat.

### Overordna plan.

På arealdelen av kommuneplanen ligg arealet som LNF-1 område. Grunneigaren håper at kommunen likevel kan støtte dette prosjektet.

### Planlagt regulering.

Planlagt regulering er skissert på vedlagte oversiktskart. Tiltakshavaren antar foreløpig at det kan bli regulert inn ca. 8 nye hytter på området. Som tilkomst til hyttene blir det truleg regulert inn ein vegar langs baksida av hytterekkene.

Resten av områda innafor plangrensa blir truleg regulert til jordbruk og/eller friluftsformål.

Høgspentlinna gjennom området blir truleg lagt i jord dersom kostnaden med dette blir akseptabel.

**Kontakt mot kommunen:**

Grunneigar og planleggar har hatt oppstartsmøte med Midsund kommune 15.01.2016.  
Referatet fra oppstartmøtet vil verte nyttå som grunnlag for planarbeidet.

**Planleggar:**

Planleggar er Ha-Plan AS v/ sivilingeniør Hallgeir Wuttudal.


**Framdrift:**

Tiltakshavar vil truleg starte med opparbeiding av tekniske anlegg for hyttefeltet så snart planen er godkjent.

Vi håper derfor at saka om å gi løyve til å starte opp planarbeidet kan takast opp på førstkomande møte i planutvalet.

Ta gjerne kontakt med underteikna eller grunneigaren (45500737) dersom det trengst flere opplysninger.


Med helsing

  
Siv.ing. Hallgeir Wuttudal

Vedlegg: - Oversiktskart over planområdet med grovskissert plan for reguleringa.

Kopi: - Per Kåre Ræstad (epost).

— Antatt vegtrase.





**Saksframlegg**

**Rullering temaplan Idrett og fysisk aktivitet handlingsdelen 2016**

Utvaksak	Utval	Møtedato
16/3	Planutvalet	07.03.2016

**Forslag til vedtak:**

Rullert handlingsplan 2016, temaplan Idrett og fysisk aktivitet m. prioriteringar:

Vi prioriterer fortsatt utvikling av friluftsområde og utbetring, bygging av nye stiar og utbetring, fornying av idrettsanlegg.

Vi har fått konkrete innspel:

- Utskifting av kunstgressdekk på Skeidvoll. Tidsperspektiv 1-2 år. Antatt kostnad i størrelsesorden 2 MNOK.
- Fotballhall. Tidsperspektiv 2-3 år. Antatt kostnad i størrelsesorden 10 MNOK. Dersom fotballhallen legges til Skeidvoll blir utskifting av kunstgress og fotballhall slått sammen til ett prosjekt.
- Trafikksikringstiltak rundt Midsundhallen. Tidsperspektiv 4-6 år. Antatt kostnad i størrelsesorden 1 MNOK.
- Rehabilitering av Midsundhallen. Tidsperspektiv 8-12 år. Antatt kostnad i størrelsesorden 10 MNOK.
- Midsund IL ber Midsund kommune legge in prosjekt "Sherpa trappe i Midsund" på planen for idrett og friluftsliv som blir rullert nå.  
Det er eit behov for å oppgradere våre turstier opp til de mest populære fjelltoppene i kommunen. Mil har lagt en plan for å starte på denne jobben i sommer 2016

- Sti mellom Kapellet og Stølen i Nord Heggdal.

Misund kommune tilrar at alle desse tiltaka kjem inn under prioriteringane for 2016

### **Saksutgreiing:**

For tildeling av statlege midlar til anlegg for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv krev staten at kommunane har ein kommunedelplan for idrett og friluftsliv, med eit handlingsprogram som årleg rullerast og viser til ønska prioriteringar. Planen er i Midsund organisert som ein temaplan inn under folkehelseplanen. Sakframlegget gjeld rullering av handlingsplan og handlingsprogrammet. Handlingsplanen ligg som eige vedlegg.

### **Vurdering:**

Prioriteringar av satsingsområde er i tråd med nasjonale og regionale føringer for folkehelse, idrett og fysisk aktivitet. Dei har si forankring i samfunnsplanen og folkehelseplanen til Midsund kommune. Konkrete innspel er i tråd med prioriteringane i handlingsplanen.

### **Økonomiske / administrative konsekvensar:**

Ingen for kommuneorganisasjonen, anna enn større trykk på teknisk avdeling i form av fleire byggetiltak. Det vil gje inntektstap, då det føreligg kommunalt vedtak og ettergjeving av alle typar byggesaksgebyr til anlegg for nærmiljøanlegg og friluftsliv. Elles må ein ta stilling til økonomiske bidrag ut frå konkrete søknader.

Elin-Grete Vatnehold  
Samfunnsplanleggjar

### **Vedlegg (prenta):**

**Vedlegg (uprenta):** Rullering av handlingsplanen 2016


### **Særutskrift går til:**

MIDSUND KOMMUNE

# Idrett og fysisk aktivitet

---

Rullering av handlingsplanen 2016



## **Innhold**

1. Forankring i Nasjonale og regionale føringer .....	2
2. Forankring i Midsund sine planar .....	2
3. Rullering av Handlingsplan .....	3
4. Prioriteringar 2016 .....	3

## **1. Forankring i Nasjonale og regionale føringer**

I plan og bygningslova§3-1 skal planlegginga i kommunane legge til rette for god forming av bygde omgivelser, gode bumiljø og gode oppvekst - og levekår i alle deler av landet. Fremme befolkningas helse og motverke sosiale helseskilnadar.

Statens overordna mål og visjon:

### **«Idrett og fysisk aktivitet for alle»**

I deira handlingsplan for idrett å fysisk aktivitet seier dei at konsekvensen av at idrett og fysisk aktivitet skal gjelde alle, er at staten gjennom sin bruk av verkemiddel skal leggje til rette for at alle som ynskjer det skal ha moglegheit til å delta i idrett eller drive eigen organisert fysisk aktivitet. Den viktigaste føresetnaden til dette er satsing på anlegg for idrett og fysisk aktivitet, inkludert friluftsliv.

Staten meinar at dei viktigaste målgruppene for bruk av spelemidlar til idrettsføremål er born (6-12 år) og ungdom (13-19 år) I tillegg vil staten leggje til rette for at personar med nedsett funksjonsevne skal kunne delta i idrett og fysisk aktivitet.

Dei som i dag er inaktive bør bli aktive.

Regional delplan for god helse har eit resultatmål, at innan utgangen av 2016 skal 50% av barn og unge i fylket vere fysisk aktive.

Eit anna resultatmål er at omfanget av turløyper innan 500m frå der folk bur skal istandsettast samanlikna med 2013

Det er ein trend at fleire kommunar har ei større satsing inn mot friluftsliv. Kanskje heng det saman med at det er auka folkehelseutfordringar innan hjarte -og karsjukdommar, psykiske lidingar, overvekt og diabetes2. Det er ein auke i levealder og vi lever lengre. Det er ein auke av eldre menneskjer i forhold til yngre. Vi må ha eit tilbod som kan auke den fysiske aktiviteten til alle aldrar og lag i befolkninga. Det gjer at vi må ha ein balanse mellom organisert og eigenorganisert aktivitet. Mange ungdommar likar å kunne ha eigenorganisert fysisk aktivitet. «Stikk Ut» turane har blitt ein suksess, det kan verke som at folk er glade å gå på tur og at skilting og utfbetring av stiar gir motivasjon til å komme seg ut.

## **2. Forankring i Midsund sine planar**

Midsund har organisert sin plan for «Idrett og fysisk aktivitet» som eit eige tema i folkehelseplanen. Ein av grunnane for det er at fysisk aktivitet er med på å gje ei betre helse og kan vere med på å utgjамне sosiale ulikheiter innan helse. Den overordna målsettinga er å skape gode lokalsamfunn og god livskvalitet for menneska som er busett i Midsund kommune gjennom eit positivt, langsiktig og heilskapleg førebyggande arbeid. Alle i Midsund kommune skal ha eit tilbod om fysisk aktivitet og naturopplevelingar ut frå eigne behov og føresetnader. Ein ynskjer at barn og ungdom minst har moderat fysisk aktivitet på 1 time kvar dag, vaksne 30. min, og at der er eit tilbod om lavterskelttilbod. Vi ynskjer aktivitetar for alle aldrar og alle funksjonsnivå, som gjev lyft til å vere i aktivitet tilpassa eigen helse og kvardag.

Dette går i tråd med kommuneplanens samfunnsdel der eit av måla er å ha høg trivsel og høgt nivå på helse og levekår.

### **3. Rullering av Handlingsplan**

For tildeling av statlege midlar til anlegg for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv krev staten at kommunane har ein kommunedelplan for idrett og friluftsliv, med eit handlingsprogram som årleg rullerast og ønska tiltak prioriterast. Folkehelseplanen til Midsund kommune m. plan for idrett og fysisk aktivitet skal rullerast. Tidspunkt skal kommunestyre ta innstilling til når dei vedtek strategiplanen no i vår/sommar.

No er det sjølve handlingsplanen som skal rullerast, slik at vi får fortsette det gode arbeidet med å gjennomføre prosjekt innan idrett og friluftsliv.

I Midsund kommune har det vore gjort eit godt og balansert arbeid, der ein har hatt prosjekt både innan friluftsliv og lagt til rette for organisert idrett for barn og ungdom. Ved siste rullering av handlingsplanen har det vore fokus på turstiar. Dette har vore eit av satsingsområda i gjeldande plan for idrett og fysisk aktivitet. I 2013 blei desse tiltaka prioritert slik:

1. Helseløype rundt Sivertdammen i regi av Aksla og Ugelvik velforeining.
2. Helseløypestandard/natursti del 2 rundt Holsvatnet i regi av Midsund jeger og fiskeforeining.
3. Sti med helseløypestandar i Sandane Friluftsområde, i regi av Midøy velforeining
4. Helseløype Kvalvika i regi av Raknes og omegn velforeining.

Dette er tiltak som er blitt gjennomført og områda er fortsatt i utvikling. Vi ynskjer fortsatt å ha fokus på turstiar og friluftsliv. Fleire stiar har blitt så mykje brukt at dei har blitt slitne, andre stiar kan komme til å knyte fleire turstiar saman slik at vi får ei heilheit og samband mellom ulike turmål. Midsund er kjent for å ha flotte fjelltoppar, både Bløkallen, Klausethornet, Røset og Ræstadhornet. På grunn av den korte avstanden mellom fjell og fjøre er dette turar som er lett tilgjengelig i forhold til utgangspunktet. Det har også blitt utbetra og bygd stiar på veg opp mot toppane. Men det er eit ynskje at fleire kan nå toppen og nyte den fantastiske utsikta. Rauma har inspirert oss med stiar bygd av stein, med hjelp av sherpaer.

Dette er turar som har blitt veldig populære i Romsdal.

Vi må også fortsette å tenke på idretten og behovet for anlegg, utbetring av anlegg osv.

### **4. Prioriteringar 2016**

Det er eit behov for å oppgradere turstigane opp til de mest populære fjelltoppene i kommunen. Vi prioriterer fortsatt utvikling av friluftsområde og utbetring, bygging av nye stiar og utbetring og fornying av idrettsanlegg. Det har blitt sendt ut brev til ulike lag og organisasjoner om innspel til rullering av handlingsplanen. Vi har fått som innspel som:

- Sti mellom kapellet og Stølen i Nord Heggdal.
- Midsund IL ber Midsund kommune legge in prosjekt "Sherpa trappe i Midsund" på planen for idrett og friluftsliv som blir rullert nå.

Mil har lagt en plan for å starte på denne jobben i sommer 2016 og siden dette er eit prosjekt som er tippemiddel berettiget så ber vi Midsund kommune ta dette inn i planen for idrett og friluftsliv.

- Utskifting av kunstgressdekke på Skeidvoll. Tidsperspektiv 1-2 år. Antatt kostnad i størrelsesorden 2 MNOK.

- Fotballhall. Tidsperspektiv 2-3 år. Antatt kostnad i størrelsesorden 10 MNOK. Dersom fotballhallen legges til Skeidvoll blir utskifting av kunstgress og fotballhall slått sammen til ett prosjekt.
- Trafikksikringstiltak rundt Midsundhallen. Tidsperspektiv 4-6 år. Antatt kostnad i størrelsesorden 1 MNOK.
- Rehabilitering av Midsundhallen. Tidsperspektiv 8-12 år. Antatt kostnad i størrelsesorden 10 MNOK.

Alt dette er i tråd med det vi ynskjer å prioritere i denne perioden.

Elin-Grete Vatnehol  
Samfunnsplanlegger